


Rådmannen

# Konsekvensutgreiing

Etter formannskapet si budsjetttilråding



## **Innhold**

1. Konsekvensutgreiling av budsjett etter formannskapet si tilråding.....	2
2. Rådmannen si oppsummering av konsekvensane .....	2
2.1 Inntekter: .....	2
2.2 Fordeling til drift på avdelingane.....	2
2.2.1. Ansvar 100 Rådmannen.....	2
2.2.2. Ansvar 200.....	2
2.2.3 Ansvar 210 Årås skule .....	2
2.2.4. Ansvar 220 Austrheim Kystbarnehage.....	2
2.2.5. Ansvar 221 Kaland barnehage. ....	3
2.2.6. Generelt om barnehagane sine endra inntekter.	3
2.2.7. Ansvar 250-251 og 255. ....	3
2.2.8. Ansvar 302 Sosiale tenester.....	3
2.2.9. Ansvar 332 Heimetenester I .....	3
2.2.10 Ansvar 500 Plan, bygg og miljø. ....	4
2.2.11. Ansvar 600 – 604 og 605.....	4
2.2.12. Ansvar 801 – 802 Formannsklapet, kommunestyret og ordførar.....	4
2.1.13 Ansvar 803 Rådmannen.....	4
2.1.14 Flyktningemidlar som styrkinga av budsjettet. ....	4
3. Investeringar .....	5
3.1 IKT.....	5
3.2 Byggutbetring .....	5
3.3 Trafikksikring etter plan.....	5
3.4 Vedliekhald/nytt golvbelegg Årås skule.....	5
3.5 Uteområde Årås skule. ....	5
3.6. Eigendel uteområde tiltenkt Court Yard på Kaland. ....	5
3.7 Ny kommunal minibuss. ....	6
3.8. Startlån .....	6
3.9 Ekstra vedlikahld – statleg tilskot. ....	6
3.10 Nytt tiltak: Kjøp av el-bilar .....	6
Vedlegg 1: Årås skule.....	6
Vedlegg 2: Ansvar 211 Kaland barne- og ungdomsskule .....	7
Vedlegg 3. Austrheim Kystbarnehage.....	8
Vedlegg 4. Kaland barnehage. ....	8
Vedlegg 5. PLOMS.....	9
Vedlegg 6. Plan, bygg og miljø.....	11
Vedlegg 7. Teknisk drift .....	11
Vedlegg 8: Kultur .....	12
Vedlegg 9: Ansvar 300. Helseavdelinga .....	17

## **1. Konsekvensutgreiing av budsjett etter formannskapet si tilråding.**

Skrivet er ei kort samanstilling av konsekvensane formannskapet si tilråding til 2017-budsjett kan føre til etter rådmannen og dei ulike budsjettansvarlege sitt syn.

Fylgjande vurderingar frå avdelingsleiar vert lagt ved dette notatet:

- Kaland barnehage
- Årås skule
- Kaland barne- og ungdomsskule
- Teknisk drift
- Plan, bygg
- Austrheim Kystbarnehage
- Kultur
- Helseavdelinga

Dei andre avdelingane notatet gjeld for, er omtala direkte i skrivet.

## **2. Rådmannen si oppsummering av konsekvensane**

### **2.1 Inntekter:**

I formannskapet sin auke av inntekter, ligg det eit potensiale for ekstraordinære inntekter på 1 740 000 kr. Det er og sett inn ei auka inntekt på 825 000 kr. Denne siste posten er tilbakebetaling av lån frå AS Austrheim Næringssselskap. Beløpet ligg i balansen, det er derfor lite truleg at dette kan førast som ei inntekt. På grunn av formannskapet sitt framlegg til auka investeringar, er avdraget på lån auka med 305 000 kr.

### **2.2 Fordeling til drift på avdelingane.**

#### **2.2.1. Ansvar 100 Rådmannen**

Formannskapet har trekt ut 336 000 kr. Dette er berekna lønn til skulefagleg rådgjevar frå 01.08.17. Rådmannen vil måtte løysa oppgåvedelinga etter kommunalsjefen er slutta, internt i organisasjonen. Stillinga vert ståande vakant ut 2017.

#### **2.2.2. Ansvar 200.**

Formannskapet har trekt ut 200 000 kr. Dersom ein kuttar 200 000 på ansvar 200, vil det føre til at dei siste flyktningane som kom, ikkje kan få eit fullverdig tilbod om norskopplæring i høve til deira føresetnader. Vi kan berre tilsette lærar i 50% stilling. Det er vanskeleg å få folk tilsett som er kvalifiserte i ei så lita stilling.

#### **2.2.3 Ansvar 210 Årås skule**

Formannskapet kuttar 250 000 kr. Skulen må kutta 10 rammetimar med dette kuttforslaget. Det vil gå utover ein allereie pressa situasjon. Det må kuttast i delingstimar og timer til tidleg innsats. Dette vil føre til at den totale kvaliteten på skuletilbodet vert lågare for alle elevar.

#### **2.2.4. Ansvar 220 Austrheim Kystbarnehage**

Formannskapet har redusert ramma med 250 000 kr. Skal det reduserast på bemanning, må det vere færre barn i barnehagen. Ved hovudinntak i barnehagen må ein vurdere om alle skal få plass.

Flyktingebarn må vente til august før dei får plass i barnehage. Dette er i konflikt med at foreldra har plikt til å gjennomføre introduksjonsprogrammet. Rådmannen ser at det vanskeleg kan gjennomførast. Andre kostnader kan reduserast med 30 000 kr.

#### **2.2.5. Ansvar 221 Kaland barnehage.**

Formannskapet har redusert med 116 000 kr i høve rådmannen sitt framlegg. Barnehagen vil redusere vikarbruken som alt er sterkt pressa. Dette kan verte utfordrande. Barnehagen vil så langt som mogeleg freiste å halde oppe kvaliteten på det pedagogiske tilbodet. Barnehagen vil og kutte i det som var budsjettet til leikar, inventar og utstyr. Her er det sterkt behov for fornying, men dette vert det ikkje høve til i 2017.

#### **2.2.6. Generelt om barnehagane sine endra inntekter.**

Det er innført redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid til familiær med låg personinntekt. For 2016 hadde Austrheim Kystbarnehage svikt i foreldrebetaling på ca 135 000 kr. på bakgrunn av dette. Situasjonen er lik i begge barnehagane.

Det er ført opp tilsvarende tal for 2017. Tap vert dekka gjennom rammefinansiering til kommunen.

#### **2.2.7. Ansvar 250-251 og 255.**

Formannskapet har redusert desse tre ansvarsområda med totalt 527 000 kr. Ansvar 250, kulturskulen, vil få auka elevavgift og reduksjon i innkjøp. Sponsormidlar til Tiriltunge barnekor i 2016, vert overført til oppføringa dei skal ha i 2017. Ansvar 251, bibliotek, vert det mindre midlar til kjøp av media og mindre midlar til kjøp av tenester som forfattarhonorar og andre arrangement. Dette vil bety ein reduksjon i tenestetilbodet. Reduksjonen på ansvar 255, anna kultur vert kr 423 000. Dette inneber reduksjon i tilskot til frivillige lag og organisasjoner på kr 271.000, m.a halvering av kulturmidlar. Dei andre tenestene under anna kultur vert redusert med kr 152.00 slik at det berre er igjen budsjett til løn, faste utgiftar og avtalar. Ungdomsklubben og Tiltak barn og unge, samt andre område innan kultur, har omtrent ingenting som eigeandel ved søknad om tilskot frå fylke/stat og andre stiftingar. Det betyr mindre til aktivitet og utvikling. Det vert og redusert tilskot til festivalar som Havsportveka/Ein smak av... Budsjettsummen for desse blir 50 000 kr i 2017 mot 150 000 kr i 2015 , 100 000 kr i 2016.

#### **2.2.8. Ansvar 302 Sosiale tenester.**

Formannskapet har redusert ramma med 487 000 kr.

Pr. 1. desember er arbeidsløysa i Austrheim på 5,4 %, mellom dei tre høgste av kommunane i fylket. I kommunen bur det og ein del EØS-borgarar som i 2017 er ferdig med sine to år på statlege dagpengar. Dersom dei har rett på sosial stønad, kan det gi ein auke i utbetaling av sosialhjelp. I 2017 vert det fleire flyktingar som er ferdig med introduksjonsprogrammet. Dersom dei ikkje kjem i jobb, er sosial stønad einaste inntektskjelda dei har. Rådmannen kan såleis ikkje sjå at det er tilrådeleg med ein reduksjon i budsjettposten for sosial stønad.

#### **2.2.9. Ansvar 332 Heimeteneester I**

Formannskapet har redusert ramma med 185 000 kr. Rådmannen ser innsparingstiltak på ca 120 000 kr dersom det vert investert i to el-bilar istadenfor å lease «fossil-bilar.» Det betyr at investeringsbudsjettet må styrkast med 500 000 kr. Bruken av el-bil vil føre til ekstra driftsutgifter for straum som vert ført på teknisk drift. Innsparingstiltaket vil ikkje føre til reduksjon i tenestetilbodet.

Dersom andre innsparingstiltak skal gjennomførast kan følgjande gjerast:

- Slutte med ikkje lovpålagte tenester som
  - Heimebuande må sjølv gå på legekontoret for blodprøvar og liknande.
  - Frivillige overtar utkøyring av middagslevering
  - Andre avdelingar overtar utlevering av hjelpemidlar
  - Døyande palliative pasientar må vera på sjukeheimen i siste fase

Desse innsparingstiltaka vil føre til behov for færre arbeidstimar i heimetenestene og dermed vere eit innsparingstiltak. Tiltaka kan bli opplevd som reduksjon i tenestene.

### **2.2.10 Ansvar 500 Plan, bygg og miljø.**

Formannskapet reduserte ramma med 50 000. Avdelinga reduserer kjøp av konsulenttenester til planarbeid i 2017. Det betyr at dei tilsette på avdelinga vil måtte ta meir av planleggingsarbeidet sjølv. Dette kan forlenga dei ulike prosjekta tidsmessig på grunn av manglande kapasitet.

### **2.2.11. Ansvar 600 – 604 og 605.**

Desse tre avdelingane er tilsaman redusert med 1 512 000 kr av formannskapet.

Konsekvensar for avdelinga:

- Symjebassengen på Kaland vert ikkje opna i 2017
- Minibussen vert avvikla i 2017
- Reforhandle avtalen med kyrkja
- Ikkje bruk av banelys på Idrettsparken
- Vegvedlikehald på eit minimum
- Fleire av vaktmeistrane må over til prosjekt, dette gir mindre vaktmeistertenester på bygga i drift.

Rådmannen ser desse konsekvensane som lite ynskjeleg å gjennomføre. Minibussen gir fleire funksjonshemma skyss til sitt daglege arbeid. Å sløkkja banelyset på Idrettsparken let seg og vanskeleg gjennomførast. Dersom innsparingstiltaka består, vil det føre til reduksjon av tenestenivået både overfor innbyggjarane og avdelingane.

### **2.2.12. Ansvar 801 – 802 Formannsklapet, kommunestyret og ordførar**

Formannskapet har redusert tilleggsløvingane med 300 000 kr. Dette gir mindre høve til tilleggsløvingar gjennom året. Ordførar har ingen midlar å tildele i 2017.

### **2.1.13 Ansvar 803 Rådmannen**

Formannskapet har redusert med 275 000 kr. Kutta er ikkje fordelt enno.

### **2.1.14 Flyktningemidlar som styrkinga av budsjettet.**

For nokre av innsparingstiltaka er det sagt frå formannskapet at ein kan supplere med flyktningemidlar. Desse midlane er ført som inntekt i budsjettet. Det er først dersom inntektene overstig 10 600 000 kr i 2017, at kommunen har meir å fordele enn det som er budsjettert. Forsiktig overslag kan tyde på at det maksimalt kan kome 4 – 500 000 kr. utover det som alt er budsjettert.

### **3. Investerigar**

Summane som er ført i budsjettet, er netttotal. Moms kjem i tillegg for dei momspålagte investeringane. Momsen får ein tilbake, dette vert ført som inntekt i investeringsbudsjettet. I dei investeringsprosjekta kommunestyret gjer endeleg vedtak om, må det framgå kva momsbeløp som kjem på toppen. For dei investeringane rådmannen har mynde til å setje i verk etter dette budsjettet, kjem moms i tillegg på dei prosjekta det er moms.

Rådmannen har i det fylgjande kommentert dei postane formannskapet har redusert i høve til rådmannen sitt framlegg til investeringar. Dei prosjekta formannskapet har auka rammene på eller sett opp som nye, er det ikkje kommentarer.

#### **3.1 IKT.**

Dette dekkar IKT generelt i kommunen, IKT på skulane og IKT-investeringar gjennom det interkommunale samarbeidet.

Formannskapet har redusert beløpa samla med 200 000 kr. Dette kan pressa ein del investeringar over på drift. 2017-budsjettet er sterkt redusert på driftssida slik at dette ikkje er ynskjeleg.

#### **3.2 Byggutbetring**

Formannskapet har redusert posten med 100 000 kr frå 500 000 til 400 000 kr. Dersom reduksjon i teknisk drift fører til at fleire vaktmeistrarar må arbeida med investeringsprosjekt, skulle denne posten heller vore monaleg styrka.

#### **3.3 Trafikksikring etter plan.**

Formannskapet har redusert posten med 100 000 kr frå 500 000 til 400 000 kr. Dette fører til mindre tiltak etter trafikksikringsplanen.

#### **3.4 Vedlikehald/nytt golvbelegg Årås skule.**

Skulen peikar på at det er viktig å få skifta golvbelegg etter ein plan. Årås skule har fått flott belegg i store delar av administrasjonsfløyen. Reådmannen ber om 500 000 i 2017 til å vidareføre dette arbeidet til dei andre fløyane. Dette er også ei investering som verker positivt i høve til belastning/ arbeidstilhøve for reinhalarane.

#### **3.5 Uteområde Årås skule.**

Formannskapet har redusert posten med 100 000 kr frå 300 000 kr til 200 000 kr. Dersom investeringa vert kutta med 100 000, kan ikkje Årås skule stetta den kommunale delen som tilsegsna av spelemidlar krev. Årås skule må ha ein eigenandel på 300 000 for å kjøpe inn leikeapparat. Dette er ein føresetnad for at vi får spelemidlane som skal finansiere innkjøp, montering og vedlikehald etter søknad og rapportering av bruk av midlar. Dersom prosjektet skal utførast av vaktmeistrarar som er overført frå drift, må posten styrkast med 225 000 kr.

#### **3.6. Eigendel uteområde tiltenkt Court Yard på Kaland.**

Formannskapet har stroke denne posten. Det fører til at det ikkje kan søkast om nærmiljømidlar for å få montert eit aktivitetsområde kalla Sport Yard på leikeplassen ved skulen.



Court Yard

### **3.7 Ny kommunal minibuss.**

Formannskapet har redusert posten med 100 000 kr. Dersom reduksjon på driftsbudsjettet fører til at minibussen vart avvikla, fell denne posten bort. Dersom bussen skal kjøpast og driftast, kan summen på 300 000 truleg halde.

### **3.8. Startlån**

Formannskapet har stroke denne budsjettposten. Rådmannen meinar at ein har fondsmidlar med innbetalte avdrag frå tidlegare som kan nyttast i 2017.

### **3.9 Ekstra vedlikaheld – statleg tilskot.**

Formannskapet har stroke denne posten. Dette er statsmidlar som berre skal førast i budsjettet som vert dekka av statleg tilskot. Teknisk sett bør posten inn igjen på budsjettet med ein tilsvarende inntektspost.

### **3.10 Nytt tiltak: Kjøp av el-bilar**

Dersom det skal kjøpast inn to el-bilar til Heimeteneste 1, må det setjast av 500 000 kr. til dette.

### **Vedlegg 1: Årás skule**

v/ rektor Bodil Boie Brekkan

#### **Konsekvensanalyse av kutt i rammer for ansvar Ansvar: 200 Administrasjon undervisning og Ansvar: 210 Årás skule**

Viser til budsjetttskriv frå rådmannen, dagsett 28.11.2016, der det går fram at formannskapet vil kutta:

- **200 000 på ansvar 200-Administrasjon undervisning**

Konsekvensanalyse:

Eg har bedt økonomikontoret om å rydde opp i ei rekneskapsføring som gir lite oversyn mellom tenesteområda innafor ansvar 200. Dersom ein kuttar 200 000 på ansvar 200, vil det føre til at dei siste flyktningane som kom, ikkje kan få eit fullverdig tilbod om norskopplæring i høve til deira føresetnader. Vi har lyst ut ein 100% stilling med søkerfrist 12.12.2016. Vi kan dersom dette kuttet vert gjennomført, berre tilsette i 50% stilling. Det er vanskeleg å få folk tilsett som er kvalifiserte i ei så lita stilling.

- **250 000 på ansvar 210- Årás skule**

Konsekvensanalyse:

Årås skule må kutta 10 rammetimar med dette kuttforslaget. Det vil gå utover ein allereie pressa situasjon. Vi må kutta i delingstimar og timer til tidleg innsats, som vil føre til at den totale kvaliteten på skuletilbodet vert lågare for alle elevar, fordi vi i forkant har kutta meir enn vi toler.

- **100 000 på investering i leikeutstyr uteområde på Årås skule**

Konsekvensanalyse:

Dersom investeringa vert kutta med 100 000, kan ikkje Årås skule stetta den kommunale delen som tilsegsna av spelemidlar krev. Årås skule må ha ein eigenandel på 300 000 for å kjøpe inn leikeapparat Dette er ein føresetnad for at vi får spelemidlane som skal finansiere innkjøp, montering og vedlikehald etter søknad og rapportering av bruk av midlar.

- **200 000 på investering golvbelegg på Årås skule**

Det er viktig at vi no får skifta golvbelegg etter ein plan. Årås skule har fått flott belegg i store

delar av administrasjonsfløyen. Rektor ber om 500 000 i 2017 til å vidareføre dette arbeidet.

Dette er også ei investering som verker positivt i høve til belastning/ arbeidstilhøve for reinhaldarane.

**Kommentar:**

På avdelingsleiarmøte vart vi orienterte om at med dei kutta som låg føre, ville all vaktmesterteneste opphøra. Eg kan ikkje understreke nok viktigheten av å oppretthalde denne tenesta. No har Årås skule blitt oppgradert. Skal vi halde skulen i stand over tid, må vi ha dagleg tilsyn av vaktmeister som kan syte for vedlikehald av skulen.

## Vedlegg 2: Ansvar 211 Kaland barne- og ungdomsskule

Kaland barne- og ungdomsskule sitt budsjett har i dette framlegget ikkje vorte nedskore i høve til framlegget frå Rådmannen.

Det var i utgangspunktet likevel eit stramt budsjett, som innebar innstramingar på dei fleste postane i budsjettet.

Rektor vil heller peika på innstramingar i andre avdelingar som får konsekvensar for drift av skulen.

Det er særleg behov for at vaktmestertenesta fungerer godt, for å hindra forfall av bygningar. Dette er førebyggande arbeid som vil løna seg framover.

Det er svært uheldig dersom bassenget vert stengt ytterlegare, også for hausten 2017. Opplæringa i symjedugleik vil verta sett på vent no eit heilt skuleår på grunn av utbetringar i garderobane, og det er viktig å koma i gong att med undervisninga.

Gymsalen skal dessutan oppgraderast hausten 2017, det vil seia at skulen då står utan både basseng og gymsal. Elevane får då ikkje den viktige fysiske aktiviteten som dei treng. Dette er ikkje i tråd med Opplæringslova.

### Vedlegg 3. Austrheim Kystbarnehage.

I arbeid med budsjett for 2017 og i budsjettkonferansen la avdeling Austrheim Kystbarnehage fram ei ramme på 13 600`.

Rådmannen har i sitt verbalskriv lagt inn ei auke i ramme på 600.000 .

I endringsmelding frå formannskap 24.1.16 er det forslag om ei ramme på 13.250, altså ein endring på 350` samalikna med tal lagt fram på budsjettkonferansen.

I ramme som er lagt til grunn for budsjett 2017 kr 13.600` har avdelinga desse kommentarane:

- **Det er i utgangspunktet allereie lagt inn redusert 1,6 stilling frå august 2017.** Erfaring viser at det i gjennomsnitt er 3 barn færre i barnehagen ved oppstart i haust enn ved årsskiftet i januar. I tillegg vil det slik det ser ut vere mogleg å reduserer i spesialpedagogisk hjelp frå hausten 2017. Me kan dermed redusere på personalet. I budsjett som vart lagt fram på budsjett konferansen var desse tala inkludert i ramme. Me har ei bemanningsnorm som styrer antal tilsette og antal barn.

**Ytterleie reduksjon i bemanning vil dermed vere ei stor utfordring.**

- Det er innført redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid til familiær med låg personinntekt . For 2016 hadde barnehagen «eit tap» i foreldrebetaling på ca 135`. Det er ført opp tilsvarende tal for 2017. Tap vert dekka gjennom rammefinansiering til kommunen, denne kostnaden bør derfor ikkje vere med i ramme til barnehagen. Eller at ein overfører dette tilskuddet i budsjettetramma for barnehagen.
- Skal ta inn 3 flyktningbarn i tillegg til dei 4 barna som startar opp 1 januar. Foreldre til flyktningane skal delta i introduksjonsprogram og har derfor rett til barnehageplass. Alle desse er under 3 år. Me vil derfor trenge ein 100% stilling frå februar-juli. Kostnad ca 150.000. Dette bør vere ein pedagogisk leiar stilling .

Konsekvens:

Ved hovudintakt i barnehagen vurdere om alle skal få plass, skal me redusere på bemanning må det vere færre barn i barnehagen.

La flyktningbarn vente til august før dei får plass i barnehage, eventuelt la nokre av dei vente.

Redusere andre kostnader. Her kan me spare ca 30`

### Vedlegg 4. Kaland barnehage.

Formannskapet sitt budsjettframlegg for 2017 syner kr 116.000 mindre i ramma til Kaland barnehage enn det som ligg i framlegget frå Rådmann.

Styrar har i samråd med tillitsvalde og verneombod drøfta konsekvensar og tiltak i høve til denne reduksjonen i ramma.

Vi kom fram til følgjande:

- Budsjettpostane som gjeld bruk av vikar var i framlegget frå Rådmann kutta ein god del i høve til inneverande år. For å unngå oppseiringar må vi kutte dette ytterlegare. Vi kan ikkje gå på kompromiss med tryggleiken til borna, og må sørge for at vi driv innafor det som lova krev. Dette kan verte utfordrande. Vi vil så langt som mogeleg freiste å halde oppe kvaliteten på det pedagogiske tilbodet.
- Vi har og vi valt å kutte i det som var budsjettet til leikar, inventar og utstyr. Mykje av det vi har er gammalt og slitt, så vi innrømmer at vi ser fram til nybygg/ombygging og høve til å fornye oss på dette feltet. Midlar til drift har vore nedprioritert i fleire år.
- For å få budsjettet i balanse har vi drista oss til å auke inntektene våre ein del med grunnlag i tildelte kompetansemidlar dette året, og vonar dette er realistisk.

Vi ser med stor uro på kutta i teknisk drift og eigedomsavdelinga, og vil gjerne vite kva konsekvensar dette vil få for vedlikehald og reinhald i vår avdeling.

## Vedlegg 5. PLOMS

### Konsekvensrapport Pleie- og omsorg budsjett 2017

Pleie- og omsorg har sidan førre budsjett gjort store spare tiltak i avdelinga. Me har blant anna stengt 6 rom på Nordliheimen fram til 2018. Dette har betydd ei nedbemanning av personale på sjukeheimen, og personale har blitt flytta internt i ledige stillinger rundt om i avdelingane i pleie- og omsorg. Brukarane på Nordliheimen er i dag sjukare enn tidlegare, og personalet har hatt eit travelt og utfordrande år, med mykje ansvar og press i avdelinga.

I heimeteneste 2 har ein dei siste åra hatt ei endring i brukargruppa, ein har møtt på nye og spennande utfordringar, men som klart krev meir av personale.

Støttekontaktar og avlastning til barn og ungdom blei lagt under Pleie- og omsorg, etter at Familiekontoret blei lagt ned. Ein har ikkje fått tildelt meir ressursar eller pengar. Dette er og tidsmessig ressurskrevjande for pleie- og omsorgsleiar. Det vil og gje ei auke i personalutgiftene i avdelinga fordi ein ser ein auke i brukargruppa.

Viser og til høgsterettsdom for avlastning og støttekontaktar, sjå KS sitt rundskriv B/07-2016, der ein kan få ein auke i lønn på ca. 50 %. Tidlegare har avlastar hatt eit oppdrag frå kommunen, men no vil ein avlastar verte klassifisert som arbeidstakar etter arbeidsmiljølova. Då vil lengda på arbeidstida slå inn med full tyngde, og dette gjer oss utfordringar for organisering av arbeidet. Omgjering av avlastaroppdrag til arbeidsforhold vil også få konsekvensar i dei tilfella der avlastar frå før har 100 % stilling i Austrheim kommune.

Heimeteneste 1 skal i 2017 spare 185 000 i følgje formannskapet sitt budsjettframlegg. Dette ser ein på som vanskeleg i ei avdeling der ting er uforutsigbart.

Ved at ein har stengt rom på Nordliheimen, har dette gjeve økt press på heimeteneste 1, som har fått fleire brukarar. Samhandlingsreforma gjer og at brukarane kjem tidlegare heim enn før.

I vekedagane har me 4-5 personar på jobb på dagtid, og tre på seinvakt. På helg har me 3 personar på dagtid, og 2 på kveld. Brukargruppa er omtrent lik anten det er kvardag eller helg. Presset i avdelinga er stort, og dette inneber at brukarane får mindre tid til den lovpålagte hjelpa dei skal ha.

I avdelinga er dagane veldig uforutsigbare. Ein ser ein auke av kreftpasientar, og heimetenesta har større utfordringar med denne brukargruppa no enn før. Pleie- og omsorg har satsa på kreftomsorg

og palliasjon, og får gitt gode tenester til denne gruppa. Sparetiltak i avdelinga inneber at ein må vurdere om denne brukargruppa kan vere heime den siste tida dei har igjen å leve, og kanskje må ein vurdere om denne brukargruppa må inn på sjukeheimen den siste tida. Dette har me klart å handtera på ein god måte, med godt samarbeid mellom avdelingane. Likevel har det i enkelte periodar medført at ein må sette inn ekstra ressursar, spesielt på helg og natt. Palliasjon er ei teneste som vi i dag er veldig gode på, og som vi får positive tilbakemeldingar på frå brukarane og pårørande.

Det siste året har me hatt ein auke innan rus og psykiatri. Dette er eit område som krev mykje av personalet, og det er ei brukargruppe som i enkelte tilfelle krev at ein må gå to saman til brukaren. Dette for å sikre at personalet skal føle seg trygg i situasjonen.

Sparetiltaka i 2016 har og gjort at ein ikkje har tatt inn folk i ledige stillingar. På arbeidssenteret har ein valt å bemanne med mindre folk, og dra nytte av ledig personale i heimeteneste 2 på dagtid. Dette inneber at heimeteneste 1 har fått fleire dagar ein må køyre middag heim til brukarane. Tre av personalet må tysdag, fredag, laurdag og søndag køyre middag, noko som gjer at ein må nedprioritere andre lovpålagte tenester.

### **Korleis kan ein spare i heimeteneste 1?**

I dag samarbeider heimeteneste 1 og fysioterapeutane i helseavdelinga om å ha ansvar for bestilling, utlevering, opplæring og returnering av hjelpemidlar. Kan helseavdelinga overta denne jobben åleine?

Vi har brukarar som har vanskar med å komme seg på legekontoret. Då har vi i samarbeid med legekontoret utført oppgåver på vegne av dei, som f. eks. blodprøverar, blodtrykk, vaksiner, sårskift og andre ting. Dette har vore ein gode for brukarane våre på mange måtar, også økonomisk. Dette er oppgåver som er gratis pr. i dag dersom heimesjukepleia gjer det, men som brukarane ville måtte betale for dersom ein går på legekontoret for å utføre oppgåva. Bør ein vurdere å ta betalt for desse ikkje lovpålagte tenestene?

Kan frivillegesentralen overta middagskjøring til brukarane? I fleire andre kommunar driv denne avdelinga denne tenesta 365 dagar i året. Slik det er no, må ein vurdere om brukarane kan få middag levert kvar dag pga. liten personalressurs enkelte dagar.

I januar 2017 vil heimeteneste 1 erstatte to bilar med to nye el-bilar. Kan kommunen kjøpa bilane på investeringsbudsjettet? Då vil ein i 2017 spare leasingutgifter kvar månad, ca. 3800,- pr. bil som utgjer ca. 90 000,- pr. år. I tillegg vil ein ved å kjøpe el-bil, spare ca. 1500,- pr. bil pr. mnd. i drivstoff. Dette utgjer ca. 36 000,- pr. år. Dette er utgifter som i dag blir betalt frå driftsbudsjettet til heimeteneste 1.

### **Konklusjon:**

Ovenstående viser at heimeteneste 1 har tatt store kutt dei siste par åra. I tillegg har ein tatt på seg nye oppgåver utan å få økonomisk kompensasjon. Likevel har ein greidd å oppretthalda eit forsvarleg tenestetilbod. Skal ein kutta ytterlegare, må ein nøye vurdera ikkje lovpålagte tenester, m.a tenester nemnde ovanfor. Dette har vore «goder» for brukarane som eg trur var med på å gje høg skår for heimeteneste 1 i siste brukarundersøkinga. Om ein har som målsetting at så mange som mogeleg

skal bu lengst mogeleg heime, så kan ein i alle fall stilla spørsmålet om det er i heimetenste 1 det er mest naturleg å spa pengar i åra framover? Å føra nye bilar på investeringsbudsjettet, og på den måten spa ca 125000 kr i 2017, vil meste truleg vera det einaste innsparingstiltaket som ikkje direkte vil gå ut over tenestetilbodet.

## Vedlegg 6. Plan, bygg og miljø.

Til rådmannen

### Budsjett 2017 - Endringar etter vedtak i formannskap 24.11.16.

Svar på spørsmåla til **Kap 4. Rådmannen si oppgåve fram til kommunestyret 15.12.**

a)Kva betyr endringa i di avdeling?

**Avdelinga for plan, bygg, oppmåling og miljø har redusert kjøp av planteneste i det nye budsjettforslaget. Det betyr at me må gjera dette planarbeidet sjølve eller utsetja nokre av planarbeidet som er teke med i planstrategien 2016-2020.**

b)Har di avdeling fleire innsparingstiltak?

**Nei, me driv på eit minimum alt i dag. Innsparingstiltaka er alt teke. Ein stilling er i vakanse i avdeling for plan, bygg, oppmåling og miljø.**

c)Er det fleire inntekter i ditt budsjett?

**Om gebyrinntektene stig på grunn av at plan- og byggeaktiviteten aukar i Austrheim kommune kan me få fleire inntekter. Me vil arbeida for at aktiviteten aukar i heile Austrheim kommune.**

d) Andre moment for ny ramme i di avdeling

**Avdelingsleiar ser at 2017 vert eit utfordrande år, men avdeling for plan, bygg, oppmåling og miljø kan fortsatt levera tilfredstillande tenester til innbyggjarane og næringslivet i Austrheim kommune.**

## Vedlegg 7. Teknisk drift

### Sparetiltak 600

3302	Kaier	70000
3330	Vedlikehald vegar	100000
	Lønn vegar ( 3 mnd red)	75000
3341	Trafikksikring	50000
	Reforhandle avtale kyrkje	50000
	<b>Innsparing</b>	<b>345000</b>

### Sparetiltak 604

Person 1	40%	5mnd	218000
3200	Kommunal	næringsverksemد	70000
3303	Minibuss		340000
3811	Svømmebasseng		400000

3815 Idrettspark-banelys	50000
Innsparing	1078000

#### Sparetiltak 605

3811 Lønn svømmehall	145000
Innsparing	145000

#### Ansvar 600

Her må person A over på prosjekt i 3 mnd.

Vegvedlikehald må ned på minimum. Mindre trafikksikringstiltak utgår.

Reforhandle avtalen med kyrkja.

#### Ansvar 604

Lønn til Person B i 5 mnd/ 40%.

Svømmebasseng stengt ut 2017

Minibuss må nedlegges

Banelys idrettspark kan ikkje brukes

#### Ansvar 605

Sparing lønn ved at basseng er stengt ut 2017

### Vedlegg 8: Kultur

## Budsjett 2017

### Konsekvenser for kulturavdelinga



Ansvar	F-skap	Rådmann	Endring
Kulturskule 250	1 769	1 833	-64
Bibliotek 251	1 548	1 588	-40
Anna kultur 255	2 000	2 423	-423

Avdelingsleiarane vert beden om å skrive vurdering.

- a. Kva betyr endringa i di avdeling?
- b. Har di avdeling fleire innsparingstiltak?
- c. Er det fleire inntekter i ditt budsjett?
- d. Andre moment for ny ramme i di avdeling

### **Kulturskulen 250**

Kulturskulen skal redusere med **kr 64.000** i forhold til framlegget til rådmannen.

Dette gjer vi med å:

- auke elevavgiften med 3 %
- uløna utdanningspermisjon av læreressurs, redusert innkjøp av forming/undervisningsmateriell
- vår 2017 er det auke i sal av tenester/brukarbetaling, då det er fleire elevar i kulturskulen start  
2017 enn start 2016
- fokus på budsjettdisiplin og drift på «sparebluss»
- overføring av sponsormidlar kr 25.000,- frå 2016 til barnekorprosjekt i 2017

Vi må justere aktiviteten i forhold til budsjett ved opptak i kulturskulen haust 2017.

Koret Tiriltunge øvar på framsyninga «Kardemommeby» og for at vi skal kunne gjennomføre dette prosjektet vår 2017 er vi avhengig av økonomisk handlingsrom på ca kr 25.000,-. I 2016 kom det inn sponsormidlar på kr 35.000 til prosjekt «Hakkebakkeskogen». Dette prosjektet gjekk med overskot, og rekneskapet 2016 til Kulturskulen visar eit overskot. Vi ber om at kr 25.000 av sponsormidlane vert overført til prosjekt i 2017.

### **Biblioteket 251 (3700 folkebibliotek og 3701 skulebibliotek)**

Biblioteket skal redusere med **kr 40.000** i forhold til framlegget til rådmannen.

Dette skjer ved å justere ned:

- kjøp av media; bøker, film og tidsskrift
- kjøp av utstyr og inventar
- kjøp av tenester(honorar) til forfattarvitjing og andre aktørar
- mindre satsing på arrangement, og følgeleg mindre høve til å søkje prosjektmidlar
- fokus på budsjettdisiplin og drift på «sparebluss»

Signalet i 2016 var at vi måtte vere forsiktig med tanke på økonomien. På biblioteket er det naturleg med mindre innkjøp om våren enn om hausten, og vi vurderar kjøp av media i forhold til bruk/nytte. Dei tilsette er fleksible og vi byttar vakter for å unngå overtid og stengt bibliotek. Vi stenger i romjula og påske for å kunne avspasere. Hausten 2017 har vi i tillegg til Kaland skulebibliotek også fått ansvaret for skulebiblioteket for Årås skule utan at folkebiblioteket er blitt tilført midlar. I K-sak 071/16 kjem det fram at kostnaden med auke 10% stilling er kr 60.000,- og innkjøp av bøker retta mot elevar i skulen er kr 10.000,-. Folkebiblioteket har ikkje fått auke i rammen i 2016. Då vi overtok ansvaret for

skulebiblioteket for Kaland i 2006 fekk vi overført kr 50.000 i friske midlar (som i dagens kroneverdi og lønskostnad rekk til 10% stilling, og ikkje til innkjøp av bøker). **Skulebiblioteket et opp budsjettet til folkebiblioteket**, og vi klarar ikkje å følgje opp bibliotekutviklinga slik lov om folkebiblioteket legg opp til etter revisjon i 2014. Eit felles bibliotek for folkebibliotek og skulebibliotek er positivt for å samla stillingsressursar og betre fagleg miljø. Vi klarar diverre ikkje å følgje godt nok opp lova der «folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.» Heller ikkje Hordaland fylkeskommune sine effektmål for folkebiblioteket kjem Austrheim folkebibliotek til å klare, med auke i tal på besøk på 5% og auke i tal på arrangement med 25% (ref.politisk sak og skriv til alle kommunar). Vi kjem truleg til å få reduksjon i tal på arrangement frå 2016 til 2017.

Vi har ikkje nok midlar til at vi kan innfri litteraurformidling og auke i leseaksjonar slik vi så for oss då vi overtok skulebiblioteka. Innsparingar i tilbod til vaksne er nødvendige for at vi skal kunne ha eit godt tilbod til barn og ungdom. I 2017 vil vi vurdere å gjere om Fonnes filial til berre å ha tilbod til barn og ungdom, i so fall skjer dette frå hausten 2017. Avtalen med sal av 35% stilling til drift av biblioteket på Austrheim vidaregåandeskule går ut til sommaren. Dersom denne avtalen mot for modning ikkje held fram, vil det få drastiske konsekvenser for folkebiblioteket/skulebiblioteket. Dette får vi kome tilbake til om så skulle skje. Austrheim folkebibliotek har ikkje budsjett til å ta del i store felles prosjekt i Nordhordland. «Meirope bibliotek» er noko vi på sikt bør vurdere, men det krev investeringar og auke i drift i ein prosjektfase. Dette kan vi ikkje planlegge ut i frå signal om å justere ned budsjettet.

I 2017 budsjettet har vi lagt inn minimalt med midlar til å ta del på felles møter for skulebibliotekarar i regi av fylket, og biblioteksjefsmøter i regi av fylke og biblioteka i Nordhordland. Gjer elles merksemd på at det til neste år er Austrheim folkebibliotek sin tur til å ta som sekretær for det etablerte samarbeidet mellom 8 folkebibliotek/kommunar i Nordhordland.

**Felles heimeside:** <http://www.mittnordhordland.no/start>

**Facebook:** Nordhordlandsbiblioteka

### Anna kultur 255

Anna kultur skal redusere med **kr 423.000 i** forhold til framlegget til råmannen.

Det er tilskot til frivillige lag og organisasjonar som utgjer den største reduksjonen med kr 271.000

	2015	2016	2017	Reduksjon	Budsjettpost ansvar 255
Tilskot Tiltak barn og unge	100.000	100.000	75.000	<b>-25.000</b>	14700.2311
Kulturmidlar	200.000	200.000	105.000	<b>-95.000</b>	14700.3856



Dugnad ved større arrangement	100.000	100.000	75.000	<b>-25.000</b>	14707.3856
Salto Knarvik	26.000	26.000	26.000	<b>0</b> (avtale 2017)	13500.2311
Kystkulturdagar	22.000	24.000	18.000	<b>-6.000</b>	14700.3852
17. Mai	17.000	12.000	12.000	<b>0</b>	14701.3856
Forsamlingshus	65.000	65.000	45.000 (avtale samf.huset)	<b>-20.000</b>	14700.3854
Tilskot vaksenoppl.	5.000	5.000	5.000	<b>0</b>	14700.3853
Havsportsveka/ Smaken av	150.000	100.000	50.000	<b>-50.000</b>	14700.3859
Kulturminne	50.000	50.000	50.000	<b>0</b>	14700.3650
Turstiar	200.000	200.000	150.000	<b>-50.000</b>	3860
<b>SUM</b>	<b>1.060.000</b>	<b>882.000</b>	<b>611.000</b>	<b>-271.000</b>	

Anna kultur 255 består av ein rekke tenester der vi får tilskot frå fylke og andre aktørar, og der kommunen deler ut tilskot til lag og organisasjonar.

**2023 Den kulturelle skulesekken** og **2026 Den kulturellse spaserstokken** er fullfinansiert med midlar frå fylket (kommunen har aldri fulgt opp med kommunale midlar. Vi må rapportere på tilskotet og her er ikkje mogleg med reduksjon.

**2310 Ungdomsklubb**, her er det stort sett budsjettet løn og faste utgiftar. Tidlegare år har vi henta inn tilskot til m.a open hall og utstyr til friluftsliv/havsport. Vi har mindre eigeandel til å søkje midlar.

**2311 Tiltak barn og ungdom**, budsjettet løn og faste utgiftar, redusert tilskot til tiltak barn og unge med 25.000 (sjå tabell over), samt post overtid og ekstrahjelp med 15.000, også post utstyr er redusert.

Dersom vi skal justere ned budsjettet på dette nivået også for 2018 må vi sei opp avtalen med

Salto kr 26.000. **2312 UKM** er redusert.

**3600 Naturforvaltning og friluftsliv** er budsjettert ut i frå akkurat til å dekke avtaler med grunneigarar og Bof. **3650 Kulturminnevern** er justert ned då vi ikkje lenger får tilskot til kulturminneplan, tilskot til private kulturminne er ikkje redusert (sjå tabell). **3730 Kino** ingen endring.

**3750 Kulturvern og samlinger** budsjettert i forhold til det vi betaler for avtaler (Årås bua og Kulturvernenesta i Nordhordland). **3850 Administrasjon**, nok til løn og faste utgiftar, mindre til skyss og kurs, null til utstyr. **3810 Idrettsbygg**, ingen endring og avtale med AIL om drift av grasbana og betaling for vakt i Austrheimhallen står ved lag. **3851 Kulturdagane** redusert med kr 70.000 og her er null igjen då vi har kulturdagar anna kvart år (år med partal). **3856 Tilskot voksenopplæring** budsjett kr 5000 ikkje endra (sjå tabell). **3854 Kulturbygg/forsamlingshus**

redusert med kr 20.000 (sjå tabell). Vi har berre akkurat til avtale med samfunnshuset.

**3856 Allmenne kulturføremål**, kulturmidlar post 14700 er redusert med kr 95.000 og så godt som halvert. 14707 dugnad er redusert med 25.000 (sjå tabell). **3859 Havsportsveka** er halvert og redusert med kr 50.000 (sjå tabell). **3860 Turstiar** er redusert med kr 50.000 (sjå tabell). Denne reduksjonen betyr mindre eigeandel til spelemidlar og andre tilskot vi søker på til opprusting og nye turstiar/turvegar.

Ein reduksjon på **kr 423.000** er mykje i forhold til framlegg til budsjett på **kr 2.423.000**.

Anna kultur 255 har i 2017 budsjett til løn, faste utgiftar, til avtaler og til sterkt redusert tilskot til lag og organisasjoner. Det er eit budsjett på sparebluss, men det krev like mykje administrasjonsressurs til å forvalte eit lavbudsjett som det er å tildele tilskot i år med eit raust budsjett. «Kulturmidlar» og «Tilskot barn og unge» har ikkje vore auka sidan år 2007. Eg kan elles ikkje sjå at vi kan redusere stillingar i kulturavdelinga.

Under pkt 3 Formannskapet sine kommentarar til driftsbudsjetten for 2017 står det:

- Ein må vurdera å nytta helsekoordinator og ungdomskoordinator til å dekka IP og skulefagleg kompetanse i rådmannsstaben, samt andre administrative oppgåver.

Det er på ingen måte ønskeleg at ungdomskoordinatoren får fleire administrative oppgåver i rådmannsstaben. Kulturavdelinga opplev i dag at vi har for lite ressursar i forhold til oppgåvar. I dag er ungdomskoordinator sekretær for ungdomsrådet under rådmannen. I lag med kulturleiar har ungdomskoordinator ansvar for spelemidlar, og det er naturleg at ansvaret for idrettsanlegg også er under kulturavdelinga der Austrheimhallen er budsjettert (255.3810). Det er ungdomskoordinator som lager «idrettsfunksjonell godkjenning» i samråd med teknisk- og planavdelinga, denne godkjenninga er eit krav i forhold til spelemiddelsøknader og ungdomskoordinator gjer jobben som **idrettskonsulent**. I dag har folkehelsekoordinatoren i rådmannsstaben ein rolle som koordinator for idrettshallen, noko som ikkje er formelt nedfelt i organisasjonsplanen og som naturleg kan vere ein oppgåve lagt under kulturavdelinga. Vårt forslag er at stillingen som ungdomskoordinator også vert kontaktperson for idretten og idrettsanlegg som idrettskonsulent. Dette vil vere ein ryddig organisering av idretten og frigjere ressurs i rådmannsstaben.

Vi har forslag om at ordninga «Kunst på arbeidsplassen» vert avvikla. Det er pengar å spare for kommunen innan kultur på budsjettet på rådmannsnivå (ca 20.000-40.000 årleg?).

Kulturavdelinga forstår at 2017 er eit år med stramme budsjett og vi vil ha fokus på drifta og budsjettdisplin. Det vert ikkje lett å følgje med på utviklingsoppgåver, då vi heller er i eit modus der vi lurar på kva vi skal slutte med.

Tilsette i kulturavdelinga er fleksible, kreative og lojale ovenfor økonomiske rammar. Vi håper inderleg at vi i 2017 klarer å helde fram med det gode servicenivået som vi er kjent for. Forbrukerrådet har testet servicenivået i kommune Noreg og i Austrheim skåra vi best på fritid og kultur.



*"Menneske som har fantasi har evne til å takle kvardagen sin"*

(sitat Jostein Gaarder – skrive om til nynorsk)

### Vedlegg 9: Ansvar 300. Helseavdelinga

Kommentar frå avdelingsleiar om moglege auke i inntektene.

Helseavdelingen er takknemlig for budsjettmulighetene, men vil selvsagt prøve å bidre positivt også i 2017 :

Vi har i Budsjettkonferansen gjennomgått alle de tiltakene vi har gjennomført og stadig gjennomfører for å være ansvarlige også i økonomiske hensyn.

Utover dette vil vi i 2017:

- A) Øke vakant pasientliste ved Felleslisten i Legekontoret med 300stk. Per capitatilskuddet vil da evt bedres utover dagens nivå og tilføre- avhengig av tilmelding til listen - ca 100.000,- kr
- B) Skulle vi også klare å presse inn noe aktivitetsøkning kan det slå positivt ut. Kom lege ! går i 4 mndr perm fra kurativt arbeid-Vikaren gå i samme periode inn i 100% kurativt.
- C) Elektronisk barnevekt til Helsesøsterkontoret kr.25.000,- er ført i investeringsbudsjettet. Dette kan begrense driftsbudsjettet-avventer faktisk løsning her
- D) IP kordinator - tjenesten evalueres og forsøkes løst i et administrativt samarbeid??
- E) Satsing på Helsesøsterjenesten er statlig satsing uten inndekning i foreslått budsjett Bør tilskutes gjennomført om mulig avhengig av endelig budsjett –evt med en vakant periode evt først 2018? Tildeles del av flyktningebudsjettet?
- F) Ettersom vår avdeling har forpliktelser ved akutt hjelpe er det svært vesentlig å sikre ambulansestasjon –jfr foreslått inversteringsbudsjett. Vi får indirekte og direkte oppgaver hver gang vi venter på ambulansen